

## Månadsbrev juni 2016

**10. klasse** er ferdige med **årsprøvar** og **eksamen** i matematikk for lengst, og alle elevane som var med på **fruktcup** og **Hopp for hjartet** var svært ivrige. Gratulerer til valfagsgruppa fysisk aktivitet og helse (med litt forsterkingar) for svært god innsats på stafetten under **Suleskar maraton**. Ungdomsskuleelevane er med på **FRI**, eit opplegg mot røyking, og vert premierte kvart år om dei er røykfrie. I år var det Elise, Hanne og Frode som fekk kvar si smartklokke. Elevane er òg ivrige når det gjeld **Sommarles**, og der har dei heile sommaren og litt til på seg. Det er lov å gå på biblioteket for å fylla opp bokhylla heime til over sommaren.

Valfagsgruppa i **design og redesign** laga flotte fiskar på Stavanger glassblåseri, og  **neste års førsteklasingar** er innskrivne som elevar på Sinnes skule og har møtt læraren sin, Torger Åge Sinnes.

Fredag 3. juni skal 5. og 6. vera **vikingar** og spela rollespel om yngre jernalder.



*"Høvdingen er død - bygdas folk samles ved gravhaugen for å ta farvel med den gamle høvdingen. Det oppstår raskt uenighet om hvem som skal bli den nye høvdingen. Elevene får spille rollene som storbonde, husfrue, stridsmenn, vismenn, barn og treller tilhørende bygdas storgårder. Sammen må de gjennom forhandlinger på tinget, løse konflikter og velge ny høvding eller dronning. Om forhandlingene ikke fører frem, blir det holmgang..."* I løpet av dagen får alle skyta med pil og boge og prøva økseasting.  
[http://vaf.ksys.no/institusjon\\_3345/produksjon\\_10577](http://vaf.ksys.no/institusjon_3345/produksjon_10577)

Det skjer litt av kvart framover, og 9. klasse byrjar innspurten til sommarferie med konfirmasjon 5. juni; **GRATULERER!** Dei fortset, saman med 8. klasse, med **årsprøvar** i engelsk 8., norsk hovudmål 9., norsk sidemål 10. og matematikk 14. juni; **LUKKE TIL!** 10. klasse dreg på **klassetur til Malta** 3. juni, og kjem attende 10. **GOD TUR** til både elevar og lærarane Gunn Iren og Terje!

Juni er tid for **sommaravslutningar**, og **1.-3. klasse** startar 7. juni med grilling, underhaldning og utstillingsopning. **Mellomtrinnet** held fram med aktivitetsdag på Tonstad måndag 13. juni og sommaravslutning 16. juni i Skulebue. 20. juni er det **avslutningsfest** for 10.-klasseelevane og foreldra deira, før dei same elevane arrangerer aktivitetsdag med fotballkamp 21. juni etter gudsteneste på Kvævemoen kl. 09.00. Innimellom alt dette får me òg lurt inn **fotografering** av 1.- og 10.-klassingar 14. juni og eit **SMU-/SU-møte** 20. juni.

Med ynskje om ein



Sinnes 31.05.16, *Ase-Berit* (rektor)